

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Dato: 09.12.2019
Vår ref.: 2019/93-2
Saksbehandlar: Irene Fredheim Kronen
Dykkar ref.:

Høyrings svar til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv

Høyrings svaret frå Vestland til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv er no handsama i fylkesutvalet.
Det ligg vedlagt saman med saksprotokoll

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksnr: 2019/93-1
 Saksbehandlar: Ole Stian Hovland, Sturla Binder

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	12/19	02.12.2019
Fylkesutvalet	36/19	03.12.2019

Høyrings svar til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek framlegget til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv til vitande, men har merknader til fleire av føresegnene:

1. Vestland fylkeskommune meiner at lovteksten må klargjerast ved at omgrepet arkiv vert teke inn i føremålsparagrafen. Slik framlegget er sendt ut vil det svekkje arkivsektoren sin autoritet, og arkiva sin demokratiske funksjon ved at omgrepet arkiv ikkje er nemnd.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepet *strategi* er misvisande og bør erstattast med omgrepet *plan*.
3. Vestland fylkeskommune meiner at krava til arkivinstitusjonane må vere tydelegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
4. Vestland fylkeskommune støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

Rita Tonning (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovudutval for kultur, idrett og integrering går inn for at Stortinget skal foreta ei lovending som sikrar at også arkivmateriale frå industriverksemder blir tatt vare på.»

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale frå industriverksemdene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.»

Avrøysting

Tonning sitt forslag fekk ei røyst (R) og fall
Indrevik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet
Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek framlegget til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv til vitande, men har merknader til fleire av føresegnene:

1. Vestland fylkeskommune meiner at lovteksten må klargjerast ved at omgrepet arkiv vert teke inn i føremålsparagrafen. Slik framlegget er sendt ut vil det svekkje arkivsektoren sin autoritet, og arkiva sin demokratiske funksjon ved at omgrepet arkiv ikkje er nemnd.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepet *strategi* er misvisande og bør erstattast med omgrepet *plan*.
3. Vestland fylkeskommune meiner at krava til arkivinstitusjonane må vere tydlegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
4. Vestland fylkeskommune støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.
5. Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale frå industriverksemdene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2019

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tek framlegget til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv til vitande, men har merknader til fleire av føresegnene:

1. Vestland fylkeskommune meiner at lovteksten må klargjerast ved at omgrepet arkiv vert teke inn i føremålsparagrafen. Slik framlegget er sendt ut vil det svekkje arkivsektoren sin autoritet, og arkiva sin demokratiske funksjon ved at omgrepet arkiv ikkje er nemnd.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepet *strategi* er misvisande og bør erstattast med omgrepet *plan*.
3. Vestland fylkeskommune meiner at krava til arkivinstitusjonane må vere tydlegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
4. Vestland fylkeskommune støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.

5. Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale frå industriverksemdene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.

Samandrag

Kulturdepartementet har sendt NOU 2019:9 Fra Kalveskinn til datasjø, Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver på høyring. Høyringsfrist er 2. desember 2019. Vedtak frå fylkesutvalet vert ettersendt.

Lovframlegget tek innover seg dei store endringane på arkivfeltet som har skjedd i høve digitalisering og bruk av data. Prosjektleiaren meiner at at det er nødvendig med ei ny lov og har vurdert utkastet. Ordlyden og omgrepa i lovutkastet er i tråd med intensjonane om eit enklare og klarare språk

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Høring - NOU 20199 Fra kalveskinn til datasjø - brev frå Kulturdept. av 1.juli 2019
- 2 NOU 20199 Fra kalveskinn til datasjø

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet har sendt NOU 2019:9 *Fra Kalveskinn til datasjø, Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver* på høyring. Føremålet er å få høyringsinstansane sitt syn på dei enkelte føresegnene i Arkivlovutvalet sitt lovframlegg. Det ligg føre eit omfattande høyringsnotat er på nær 300 sider. Høyringsfrist er 2. desember 2019. Vedtak frå fylkesutvalet vert ettersendt.

Lovforslaget erstattar den noverande arkivlova som vart vedteke av Stortinget 4. desember 1992, og med verknad frå 1. januar 1999. Sidan den gong har utviklinga når det gjeld digitalisering og bruk av data skote fart, så den gamle lova er soleis lite eigna for dagens digitale verkelegheit. Ei utfordring som forslaget løftar fram er at langtidslagring av digitalt skapt materiale må omfatte planlegging av arbeidsprosessar og metodikk.

Lovutkastet får verknader både for offentlege verksemdar og ei rekke verksemdar med offentlig tilknytning. Det vert foreslått at lova skal gjelde for sjølvstendige offentlege verksemdar, og for verksemdar der det offentlege eig meir enn 50% eller har rett til å velje fleire en halvparten av representantane i verksemda sitt øvste organ.

Å ha eit relevant lovverket som regulerer ivaretakinga av den samla samfunnsdokumentasjonen er viktig. Vi får no eit moderne og oppdatert lovverk. Lovframlegget legg opp til endringar som tek betre vare på og styrkar rettane våre som borgarar. Føremålet med lova er for det første å sikre den dokumentasjonen som med tid og stunder skal inn i arkiva våre. Det andre er knytt til bruk av arkiva.

Lova skal leggje til rette for å utvikle kunnskap om kulturarven vår, kulturelt mangfald og grunnleggjande samfunnsforhold. Vidare skal lova leggje til rette for vitskapeleg forståing og anna gransking, og til sist, men

ikkje minst, skal lova leggje til rette for at enkeltpersonar og grupper skal kjenne si eiga historie og eigen kultur. Lova strekar med dette under ansvaret for formidling- og tilrettelegging. Målet må vere at arkiva skal brukast av flest moglege, og at breidda av brukarar skal vere størst mogleg. Slektsgranskarar, studentar, skuleelevar, dei som ynskjer personretta arkivmateriale og så vidare, er alle like viktige brukarar.

Eit mantra innan arkiv og samfunnsdokumentasjon er å oppnå best mogleg balanse mellom dei arkiva som er offentleg- og private skapte. Det er difor ekstra gledeleg å lese det som står om privatarkiv i lovtæksten. Her får Nasjonalarkivet ei nasjonal koordineringsrolle, medan fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi. Fylkeskommunen får også ansvaret for langtidbevaringa av private arkiv av vesentleg regional verdi.

Den tydelege geografiske avgrensinga gjer at ein lettare vil kunne spele på lokal og regional stoltheit. Vestland fylkeskommune, vil vi no med lova i hand kunne fokusere på den delen av kulturarven som bind vestlendingane saman, samstundes som den viser det lokale mangfaldet. Med denne modellen får ein teke vare på og vist fram både det lokale, regionale og det nasjonale perspektivet i samfunnsdokumentasjonen.

I si uttale fokuserer prosjektleiar på dei overordna strukturane og det som gjeld fylkeskommunane. Prosjektleiar har ikkje kommentert kapittel IV om personopplysingar. Ein støttar seg til dei vurderingar som arkivlovutvalet har gjort.

Prosjektleiar sitt syn på dei enkelte føresegnene i Arkivlovutvalet sitt lovutkast:

1. Innleiande føresegner

§ 1. Føremålet med lova

Prosjektleiar vurderer at det er nødvendig med ei ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv. Ordlyden og omgrepa i lovutkastet er i tråd med intensjonane om eit enklare og klarare språk.

Føremålsparagrafen er langt på veg romsleg nok, men det er radikalt at omgrepet arkiv ikkje er med i føremålsparagrafen. Lovutvalet legg til grunn at arkiv er dokumentasjon som skal takast vare på i lang tid jf formål nemnde i § 1 (jf. § 5 bokstav c).

Prosjektleiaren sitt syn er at føremålet med lova mellom anna er å tryggja arkiva og dokumentasjonen som skal verte arkiv. Framlegget til lovutvalet er juridisk sett tilstrekkeleg, men det reduserer arkivomgrepet til å verte ein rest etter administrative transaksjonar. Sektoren, institusjonane og faget står i fare for å miste autoritet, og arkivet sin demokratiske funksjon vert ikkje lagt tilstrekkeleg vekt på med framlegget. Omgrepet arkiv bør difor takast inn i føremålet med lova.

§ 2. Verkeområde

Verkeområdet til lova er utvida i høve til gjeldande arkivlov. Dette går også fram av namnet på lovutkastet, og føremålet med lova. Lova skal ta omsyn til dagens digitale prosessar, men også ta hand om historiske og kulturelle verdiar.

Prosjektleiar ser at lovutkastet no er meir i tråd med anna lovgivnad når verkeområdet vert utvida til også å gjelde sjølvstendige verksemdar med dei avgrensingane som kjem fram av bokstav c). Framlegget gjer at når fylkeskommunen set ut oppgåver til andre verksemdar, så må ein sette krav i avtalane om at verksemdene tek hand om pliktene i arkivlova. Endringa vil kunne føre til meirarbeid knytt til kjøp av tenester, og det vil kunne føre til auke i kostnader og omfang av avtalane. Prosjektleiar ser like fullt at dette er ei naudsynt endring i lova. Det utvida verkemområdet vil sikre dokumentasjonsansvaret og trygge nødvendig rettsleg og demokratisk vern av offentlege oppgåver.

§ 5. Definisjonar

Prosjektleiar meiner at skiljet mellom dokumentasjon og arkiv, slik det kjem fram i lovutkastet, er tenleg. Dette er i tråd med internasjonal praksis og viser breidda i fagområdet. Skiljet er med på å gi lova eit enklare språk, men at omgrepet *arkiv* slik det er definert i bokstav c) bør takast med i føremålet, jf. kommentar til § 1.

Prosjektleiar meiner at omgrepet *kommunikasjon som gjeld verksemda* må definerast, jf. kommentar til § 8 (2).

Omgrepet *deponert* blir brukt i lovutkastet, jf. § 36, utan at det vert halde opp mot omgrepet *avlevert*. Dette er sentrale omgrep i arbeidet med arkiv, og begge burde definerast her.

§ 6. Dokumentasjonsstrategi

Prosjektleiar ser at det er bra med ei føresegn i lova som stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter, prosessar og sakshandsaming. Dette er ei nødvendig styrking av krava i høve til gjeldande arkivlov.

Det er like fullt prosjektleiar sitt syn at omgrepet *strategi* er feil slik det vert brukt. Krava i føresegna tilseier at det er snakk om ein *plan* og ikkje ein strategi. Dette er også i tråd med prinsippet vi kjenner i dag om nødvendig dokumentasjon som må følgje med arkiva ved overføring til depot. Prosjektleiar meiner at ein må endre føresegna med å bruke omgrepet *plan*.

§ 7. Dokumentasjon i felles system

Prosjektleiar støttar føresegna si plikt om å avtale kven som har ansvaret for lovkrava når fleire verksemdar produserer dokumentasjon i felles system.

§ 8. Plikt til å dokumentere kommunikasjonen til verksemda

Prosjektleiar støttar krava i føresegna om at forvaltninga skal dokumentere den eksterne kommunikasjonen sin.

Det er like fullt vårt syn at føresegna må vere meir presis med omsyn til korleis ein oppfyller dokumentasjonsplikta. Omgrepet *kommunikasjon som gjeld verksemda*, jf. (2), må definerast slik vi har kommentert i § 5, og det må vere tydelegare korleis ein skal oppfylle krava i denne lova.

§ 9. Plikt til å dokumentere informasjonssystem, databasar, register mv.

Prosjektleiar støttar denne føresegna.

§ 10. Plikt til å dokumentere ved automatisert rettsbruk

Prosjektleiar støttar denne føresegna.

§ 11. Plikt til å dokumentere avgjerder mv.

Prosjektleiar støttar denne føresegna.

§ 13. Plikt til å dokumentere ut frå konkret vurdering. Offentlege utval

Prosjektleiar støttar denne føresegna.

§ 17. Tilgjengeleggjering av dokumentasjon. Eigarskap

Prosjektleiar støttar denne føresegna.

§ 21. Overføring av digital dokumentasjon til utlandet

Prosjektleiar er kritisk til om rekkevidda av denne føresegna er utreda, og om det er naudsynt å endre regelverket. Arkivverket har tidlegare slått fast at bruk av utanlandske skytenester for kontorstøtte, kommunikasjon og samhandling som handsamar arkivmateriale, ikkje er i strid med arkivlova § 9 b så lenge

arkivmaterialet løpande vert lagra på server i Noreg. Det er ikkje nødvendig å søke dispensasjon frå arkivlova for slik bruk. Regelverket er heller ikkje til hinder for lagring av eventuelle kopiar i utlandet, så lenge det komplette arkivet er lagra i Noreg.

V. Langtidsbevaring og tilgjengeleggjering av arkiv

§ 26 Overføring av dokumentasjon til langtidsbevaring

Lovutkastet slår fast at det er plikt til bevaring. Prosjektleiari meiner at det i denne føresegna må vere tydeleg at bevaring inneber overføring til arkivinstitusjon, jf. merknad til § 28.

§ 28. Ansvar for langtidsbevaring og tilgjengeleggjering

Prosjektleiari støttar at kommunane og fylkeskommunane sit ansvar for langtidsbevaring og tilgjengeleggjering arkiv vert gjort tydeleg, og at dette også gjeld for interkommunale verksemder som er omfatta av lova.

Lovforslaget slår fast at fylkeskommunar og kommunar har plikt til langtidbevaring og tilgjengeleggjering. Prosjektleiari meiner at det bør takast med at dette ansvaret skal overførast til eigne arkivinstitusjonar, fylkeskommunale, kommunale eller interkommunale, i tråd med definisjonen i § 5.

§ 32 Plikt til å gjere tilgjengeleg

Prosjektleiari meiner krava til arkivinstitusjonane som forvaltarar av samfunnet sin dokumentasjon for innbyggjarane må vere tydelegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar enn det lovutkastet syner.

Arkivsektoren skal fremje offentleg og demokratisk deltaking og sikre rettane til enkeltpersonar. Sektoren skal gi kunnskap om samfunnet og kulturarven. Prosjektleiari meiner at føresegna i større grad må stille krav til tenestene i arkivinstitusjonane, og i større grad legge vekt på innbyggjarane og publikum sitt behov. Dette er kritisk og lovutkastet svekkar den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva.

VI. Private arkiv

§ 34. Koordineringsansvar for langtidsbevaring av private arkiv. Tilsyn

Prosjektleiari støtter §34, 2. ledd om at om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiver av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av private arkiv av vesentleg regional verdi.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har allereie ei etablert ordning der dei er ansvarleg organ for koordinering av privatarkiv, og i Hordaland inngår dei konsoliderte musea i fylket, Arkivest, Universitetsbiblioteket og Senter for industriarkiv i Odda saman med arkivinstitusjonane i eit nettverk for privatarkiv. Ei lovfesting kan såleis sjåast på som ei formalisering av rolla som i dag ligg til fylkeskommunen. Prosjektleiari ser det som viktig at oppgåva med koordinering av privatarkivarbeidet blir sikra i den nye regionen.

Vidare støtter prosjektleiari §34, 1. ledd om at Nasjonalarkivet får eit nasjonalt ansvar for å koordinere langtidsbevaring av private arkiv.

§ 35. Bevaring og registrering

Prosjektleiari meiner at det kan presiserast at Nasjonalarkivet pliktar å legge til rette for at alle kan registrere inn ein felles katalog. Registrering bør vere kostnadsfritt slik at alle privatarkivaktørar kan bidra. På den måten bidreg ein til målet om ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon (jfr. kapittel 22.4.9).

§ 36. Vilkår om avgrensa tilgang til private arkiv

Prosjektleiar meiner forslaget om at eigedomsretten til deponert privatarkiv går over til oppbevaringsinstitusjonen etter hundre år er bra, men meiner presiseringa i 2. ledd om at *Den som har deponert et privat arkiv i Nasjonalarkivet eller annen arkivinstitusjon, beholder eiendomsretten til arkivet*, er unødvendig då det er innforstått at eigedomsretten til eit deponert arkiv framleis er hjå den som deponerer. Prosjektleiar meiner at innhaldet i gjeldande arkivlov §16 bør vidareførast for å klargjere omgrepa *avlevering* og *deponering*.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Lovframlegget inneber tiltak som har økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Klima: Lovframlegget har ikkje tiltak som inneber direkte konsekvensar for klima.

Folkehelse: Tryggleik for at dokumentasjon og rettigheter er ivareteke sikrar demokrati og er soleis eit grunnlag for god folkehelse.

Regional planstrategi: Det er viktig at arkiv og dokumentasjon er ein integrert del av all samfunnsplanlegging.

Konklusjon

Arkivlovutvalet har vist til at lovutkastet særleg skil seg frå gjeldande arkivlov på desse områda (jf. side 32 - 33 i utgreiinga):

- Virkeområdet utvides. Utvalget foreslår at dagens arkivplikt for statlige, fylkeskommunale og kommunale virksomheter utvides til også å gjelde selvstendige offentlige virksomheter; selvstendige virksomheter hvor staten, fylkeskommuner eller kommuner har mer enn halvparten av eierandelene; virksomheter hvor staten, fylkeskommuner eller kommuner velger mer enn halvparten av medlemmene i virksomhetenes øverste organer; og andre virksomheter når de treffer enkeltvedtak og utferdiger forskrift. Se nærmere omtale i utredningens kapittel 8 og § 2 i utvalgets lovutkast.
- Virksomhetene pålegges dokumentasjonsplikter. Se nærmere omtale i utredningens kapittel 9 og kapittel 14 og del II i lovutkastet.
- Virksomhetene pålegges krav til dokumentering av automatisert rettsanvendelse. I tillegg legges det opp til at dokumentering av eksternt kommunikasjon helt eller delvis kan automatiseres. Se nærmere omtale i utredningens kapittel 15 og §§ 8 og 10 i utvalgets lovutkast.
- Journalføringsplikten i gjeldende arkivforskrift utgår. Utvalget viser til at krav til åpenhet og etterprøvnbarhet kan ivaretas med andre metoder enn gjennom innsyn i virksomhetenes journaler. Utvalget foreslår at bestemmelsene om journalføring inntil videre hjemles i offentlighetsloven. Se nærmere omtale i utredningens kapittel 16.

Prosjektleiar er positiv til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv, men har merknader til fleire av føresegnene. Høyringsuttalen kan oppsummerast slik:

- Omgrepet arkiv må inn i lova. Sektoren, institusjonane og faget står i fare for å miste autoritet, og arkivet sin demokratiske funksjon vert ikkje lagt tilstrekkeleg vekt på dersom omgrepet arkiv ikkje vert tatt inn i føremålet med lova.
- Prosjektlear ser at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepet *strategi* er missvisande og bør erstattast med omgrepet *plan*.
- Krava til arkivinstitusjonane må vere tydlegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
- Prosjektlear støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiver av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.